

## **Uttalelse fra LO Vestlands Regionkonferanse 05.05.21**

### **Elektrifisering av sokkelen.**

Regionkonferansen i LO Vestland er kjent med at LO og forbunda arbeider saman med NHO og industri og kraftprodusentar for å få oversyn i energisituasjonen i heile landet, for å få eit godt beslutningsgrunnlag for kva moglege framtidsutsikter vi har for ny etablering av industri og arbeidsplassar. Vi ynskjer i den samanheng å gjere merksam på situasjonen med manglande nettkapasitet til Bergensområdet og kysten av Vestland.

Det føreligg store planar som fører til auka forbruk av elektrisk kraft i området, som dagens linjer ikkje har kapasitet for. I ei tid då industrien står føre store omstillingar til eit grønt skifte, er det viktig at ikkje nye investeringar stoggar fordi straumen ikkje kan førast fram dit behovet er. Det auka forbruket er knytt til ny industri som mellom anna karbonfangst og lagring (Northern Lights), batterifabrikk, blå og grøn hydrogenproduksjon og nye datalagringscenter.

Det auka forbruket er også knytt til elektrifisering av sokkelen. Her føreligg ambisjonar om å elektrifisere med havvind. Men dette kan ikkje lukkast utan at det samstundes blir sikra at det kan bli levert straum også når vinden ikkje bles. Vidare må kraft kunne leverast til land når det er overproduksjon. Difor må satsing på havvind sjåast i samanheng med kabling frå land. Ved utbygging av vindkraft må det gjennomførast gode konsekvensutgreingar, og førevarprinsippet må vektleggjast før utbyggingsløyver vert gitt.

Dette må også sjåast i samanheng med behova vi har på land for å sikra nok straum til ny industri. Regionkonferansen meiner det er viktig at industrien får omstille seg til nye marknader etter kvart som annan aktivitet vert redusert. Difor er det avgjerande at nettkapasiteten snarast råd vert auka og at det blir sikra kabling frå Nordsjøen til land.